


Foreldrerekveld: Trygg og god skolestart

Det du viser på skjermen:	Handling
Eventuell eigen PowerPoint for eigen del av møtet	<p>Ønske velkomen og informere om plan for møtet, inkludert rekkefølge og tidsbruk</p> <p>Eventuelt informasjon eller drøftingssaker som skolen vil inkludere i møtet.</p> <p>Det er lurt å gjøre dette først om alle skal vere samla. Alternativet er å ha felles tema-del først, og så gå på ulike avdelinger.</p>
Oppne nettsida	<p>Introduser temaøkt:</p> <p>I denne delen av møtet skal vi bruke eit opplegg som er laga av Livet&Sånn. Møtet kjem utan forelesar, men vi gjer så godt vi kan og brukar dette saman. Vi skal sjå eit par filmar, og snakke litt i grupper. Temaet er jo stort, men i denne gråe boksa her ligg det tips til kvar ein kan finne meir kunnskap om dette etter møtet.</p>
	<p>Temaet i dag er trygg og god skolestart. Kva som skal til for at skolestarten skal kjennes trygg og god vil variere litt frå barn til barn sjølv om mykje er felles. Vi skal starte med å sjå ein film om ulike barn ulike behov.</p> <p>Vis filmen Ulike barn, ulike behov - YouTube</p>
	<p>La foreldra få snakke til med kvarandre eit par minutt: På kva måtar tenker de at barn har ulike behov ved oppstart på skolen?</p>
	<p>Når barn går på skole i lag vil vi at alle skal vere skolevenner. Vi forstår at ikkje alle passar like godt saman, eller likar like godt å leike med alle, men alle skal vere venner på den måten at alle seier hei til kvarandre, inkluderer kvarandre i leik, og lar alle kjenne seg viktige i flokken vår. Denne filmen handlar om det: Venner på skolen - YouTube</p>
	<p>Vis brosjyren frå pdf-en eller skriv den ut og del ut. La foreldra sjå på den saman, eller vis dei noko av det som står på side 2. Det er først og fremst dette det er lurt å snakke om felles i møtet. Kan foreldra bli samde om noko dei vil gjennomføre i denne gruppa i løpet av året? Er det nokon som melder seg til å vere med å planlegge?</p>
	<p>Avslutt med å vise kvar foreldra kan finne dette på sida heime – og sei at du vil sende lenke på e-post. Vis også at heimane kan følgje resten av det trinnet gjer i Livet&Sånn, og at der er eigne sider til heimane for kvart tema.</p> <p>Takk for at de kom og vel heim!</p>